

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1665 - 20/45671

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
10.07.2020

Førespurnad om Vestland Fylkeskommune vil oppretthalde klage på bruksendring - gbnr 1/80 og 1/285 Flatøy

Tiltak: dispensasjon for bruksendring fra naust til næring
Byggjestad: Gbnr: 1/80
Tiltakshavar: Øystein Sulebakk
Ansvarleg søkjar:

Vi viser til trekt klage på vilkår frå Vestland Fylkeskommune, datert 18.06.2020, samt samtale med Silje Haukedla frå Alver kommune den 02.07.2020.

I siste avsnitt i dykkar skriv av 18.06.2020, vert det sett vilkår for å kunne trekkje klagen at tiltakshavar saman med kommunen finn ei løysing i tråd med vilkår nr. 3:

«Tiltakshavar må saman med Alver kommune finne ei løysing for parkering i tilknytning til næringsverksemda i anleggsperioden som ikkje baserar seg på å nytte offentlege p plassar, verken i dagens situasjon eller for framtida når innfartsparkeringa er etablert. Løysinga må vere av ei slik art at den ikkje medfører parkering langs vegen, snuhammar eller andre stader knytt til vegen som ikkje er eksplisitt avsett til parkering for næringsverksemda.»

Kommunen har ikkje heimel til å inngå avtaler slik det vert pekt på i vilkår nr. 3. Då det ikkje ligg føre heimel, kan vi ikkje inngå ein slik avtale. Det må difor søkjast og gis midlertidig dispensasjon frå parkeringskrav. I uttale av 25.06.2020 til søknad om dispensasjon frå parkeringskrav, så er Vestland Fylkeskommune negativ til å gje slik dispensasjon og det vert oppfordra til at tiltakshavar og Alver kommune saman kan finne ei løysing for å imøtekomme det kontinuerlege parkeringsbehovet. Dette skrivet er skrevet før Alver kommune i telefonsamtale den 02.07.2020 gjorde rede for at slik avtaleinngåing ikkje er mogleg då vi ikkje har heimel til dette.

Vi ber Vestland Fylkeskommune kome med skriftleg tilbakemelding om klagen, datert 18.06.2020, vert oppretthalden då vilkår for å trekkje klagen ikkje kan imøtekommast frå Alver kommune si side.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Uttale - Dispensasjon frå parkeringskrav - Fv 564 - Gbnr 1/80, 285 Flatøy
Trekker klage - Bruksendring - gbnr 1/80 og 1/285 Flatøy

Kopi til:

Barbro Wiig Sulebakk	Grønlandsvegen 20	5918	FREKHAUG
Øystein Sulebakk	Grønlandsvegen 20	5918	FREKHAUG

Mottakarar:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
------------------------	---------------	------	--------